

Selskapskontroll

Sogn og Fjordane fylkeskommune

2017



Innhold

1	Innleiding	
1.1	Bakgrunn	s.2
1.2	Formål	s.2
1.3	Problemstillingar	s.2
1.4	Presisering	s.3
...		
2	Revisjonskriterium og metode	s.4
2.1	Revisjonskriterium	s.4
2.2	Metode	s.4
2.2.1	Dokumentinnsamling	s.4
2.2.2	Intervju	s.4
2.2.3	Verifisering	s.4
2.2.4	Analyse	s.4
2.2.5	Rapportering	s.4
3	Eigarstyring	s.5
3.1	Innleiding	s.5
3.2	Rutinar og retningslinjer	s.6
3.3	Eigarstrategi	s.9
3.4	Utøving av eigarskap	s.12
4	Fråsegn	s.15
4.1	Sogn og Fjordane fylkeskommune	s.15
5	Oppsummering og konklusjon	s.15

Vedlegg:

1. Notat - Oversikt over formål og eigarstrategi med selskapa SFE AS, Origod AS, Trivselshagen IKS og Sogn og Fjordane Teater LL
2. Mal – Rapport frå eigarrepresentant
3. Høyringsfråsegn frå fylkesrådmann

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

SF revisjon har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i SAK 25/2017 gjennomført selskapskontroll/eigarskapskontroll i Sogn og Fjordane fylkeskommune på eit overordna nivå. Det er utarbeida ein prosjektplan for gjennomføring av prosjektet godkjent av kontrollutvalet i SAK 33/2017.

1.2 Formål

Formålet med prosjektet kjem fram av bestillinga:

«Formålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere om fylkeskommunen utøver sin eigarskap i samsvar med aktuelle lover og føresegner, fylkestinget sine vedtak og forutsetninger og i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Det vert bedt om ei vurdering av om lover, regler og vedtak vert etterlevd i forvaltninga av fylkeskommunen sine interesser i selskapa, og om det vert gitt korrekt og tilstrekkeleg informasjon til politisk leiing»

Eigarskapskontroll er ein avgrensa kontroll. Det betyr at kontrollen avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande rammar for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Kontrollen omfattar ikkje sjølve aktiviteten i selskapet, så som kvaliteten på tenestene som selskapet leverer eller om selskapet når sine mål. Dette er forhold som kan kontrollerast gjennom forvaltningsrevisjon.

Intensjonen med regelverket om selskapskontroll er m.a. å sikre dei folkevalde betre innsyn og kontroll med den delen av den fylkeskommunale/kommunale verksemda som er organisert som interkommunale selskap eller aksjeselskap.

1.3 Problemstillingar

Kontrollutvalet har i bestillingsdokumentet lagt fram følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har fylkeskommunen etablert ein overordna eigarstyring som er i samsvar med lover, reglar og fylkestinget sine forventningar?
 - o Fører fylkeskommunen kontroll med sine eigarinteresser på ein lovmessig måte?
 - Har fylkeskommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser, og er desse rutinane i samsvar med aksjeloven og andre relevante lover?
 - I kva grad vert etablerte rutinar etterlevd?
 - o Har fylkeskommunen ein plan for kompetanseoppbygging for folkevalde/tilsette som skal ivareta eigaroppfølging?
2. I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til eigarskapen?
 - o Har fylkeskommunen etablert tydelege føringar for eigarskapen?
 - o I kva grad er styringssignalen klart formulert?

- I kva grad vert eigarstrategien følgt opp i forhold til fylkeskommunen sine interne regelverk?
 - I kva grad har fylkeskommunen ein plan for utarbeiding og revidering av styringsdokument for det enkelte selskap?
3. Vert eigarinteressene til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnad, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
- I kva grad vert politisk leiing korrekt og tilstrekkeleg informert om fylkeskommunen sin eigarskap?

1.4 Presisering

Bestillinga av eigarskapskontrollen er formulert som ein overordna kontroll av fylkeskommunen sine rutinar og retningslinjer knytt til eigarstyring. Det er ikkje knytt spesifikke selskap til bestillinga frå kontrollutvalet. Kontrollen er å sjå etter om fylkeskommunen har tilfredsstillande rutinar og retningslinjer, og om dei vert følgt. Vi har ikkje sett nærmare på om selskapa opererer i samsvar med eigaren sine rammer og formålet eller korleis dei opplever kommunikasjonen mellom eigaren og selskapet.

Vi har teke utgangspunkt i 4 selskap som fylkeskommunen er eigar eller medeigar i, og har gjort ei nærmare vurdering av korleis fylkeskommunen utøver sitt eigarskap i forhold til dei 4 selskapa. (utgjer 33 % av tal selskap som fylkeskommunen eig eller er medeigar i og fylkeskommunen sin eigardel utgjer 30 % eller meir) Vi har gjennomført intervju av administrasjonen i fylkeskommunen og dei personane som fylkeskommunen har vald til å utøve eigarskapen på vegne av fylkeskommunen som eigar/medeigar av dei 4 selskapa. Undersøkinga gjeld i hovudsak rekneskapsåret 2016.

Kontrollen har ei brei tilnærming. Vi har på bakgrunn av det ikkje gjennomført nokre grundige undersøkingar av funna.

2 Revisjonskriterium og metode

2.1 Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som det kontrollerte objektet (Sogn og Fjordane fylkeskommune – Eigarskapskontroll av den Overordna eigarstyringa) skal vurderast opp mot. Med vising til bestillinga har vi vore innom forskjellig type problemstillingar. Revisjonskriteria er i liten grad lovregulert som t.d. av aksjeloven eller Lov om interkommunale selskap. Vi har teke utgangspunkt i Kommunenes Sentralforbund (KS) sine «Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» samt dei retningslinjer/føringar knytt til eigarstyring som kjem fram av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin Eigarmelding 2016.

Innsamla data er vurdert opp mot revisjonskriteria.

2.2 Metode

2.2.1 Dokumentinnsamling

Vi har henta inn dokumentasjon knytt til fylkeskommunen sine rutinar og retningslinjer i samband med god eigarstyring og selskapsleiing.

2.2.2 Intervju

Vi har teke utgangspunkt i 4 selskap som fylkeskommunen er eigar/medeigar i og har intervjuat personane som fylkestinget har peikt ut til å representere fylkeskommunen som eigar i. Vi har på bakgrunn av det gjort ein liten kartlegging over korleis fylkeskommunen utøver sin eigarskap. Vi har i tillegg hatt samtalar med sentrale personar i fylkeskommunen.

2.2.3 Verifisering

Oppsummering av intervju vart sendt til intervjuobjekta for verifisering. Det er berre informasjon frå dei verifiserte intervjuata som har vore nytta i rapporten.

2.2.4 Analyse

Innsamla informasjon/funn er gjennomgått og vurdert for endeleg konklusjon og utarbeiding av rapport.

2.2.5 Rapportering

Høyringsutkast til rapport vart sendt til fylkesrådmannen for verifisering og uttale. Høyringsfråsegnet er lagt ved den endelege rapporten.

3 Eigarstyring

3.1 Innleiing

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein del selskap organisert som aksjeselskap og andre organisasjonsformar. Det betyr at den tradisjonelle forvaltningsstyringa er erstatta med eigarstyring. Eit aktivt eigarskap er grunnleggjande for ein best mogleg lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvensar for selskapa, deira disponeringar og deira marknadsposisjon. Samstundes vil eit aktivt eigarskap gi viktige signaleffektar overfor omverda og styrke ein fylkeskommune sitt omdømme.

Eit aksjeselskap kan eigast av ein fylkeskommune aleine eller saman med andre kommunar og fylkeskommunar eller private rettssubjekt. I eit aksjeselskap har eigarane avgrensa økonomisk risiko for selskapets økonomiske forpliktingar. Selskapet sitt øvste eigarorgan er generalforsamlinga. I ein slik selskapsform vert det stilt krav til styringa gjennom etablering av formelle styringsorgan som sikrar selskapa den nødvendige autonomi for å fungere som sjølvstendige rettssubjekt. Eit interkommunalt selskap kan eigast av ein fylkeskommune eller saman med andre kommunar og fylkeskommunar. I eit interkommunalt selskap har deltakerane ubegrensa ansvar. Selskapet sitt øvste eigarorgan er representantskapet.

Fylkestinget overfører mynde til å utøve styringa til eigarorganet. I tråd med denne delegasjonen av mynde skal fylkestinget gi eigarorganet dei naudsynte politiske plikter, fullmakter og rammevilkår til å utøve eigarskapen i tråd med det politiske fleirtals ambisjonar.

Samhandlinga mellom fylkestinget og oppnemnd eigarorgan innanfor selskapslovgiving er ikkje lovregulert. Det er til dels særstak skilnad på dialogform mellom eigarorgan og kommunestyre/fylkesting rundt om i Noreg.

Problemstillingane i dette prosjektet jf. bestillinga frå kontrollutvalet har vi valt å dele inn i 3 tema: Rutinar og retningslinjer, Eigarstrategi og Utøving av eigarskap

Vi har som døme sett nærmare på 4 selskap som fylkeskommunen er medeigar i:

- Sogn og Fjordane Energi AS (SFE)
- Origod AS
- Sogn og Fjordane Teater L/L
- Trivselshagen IKS

Viser til vedlegg nr 1 som gir ein liten oversikt over dei fire selskapa og kva for overordna mål dei arbeidar mot. I tillegg er fylkeskommunen sine overordna eigarstrategiar teke med.

Intervju

Vi har gjennomført intervju med dei fire som er valt til å utøve eigarskapen (eigarrepresentant) i dei fire selskapa på vegne av fylkeskommunen som eigar. I våre samtalar med eigarrepresentantane har vi delt det inn i følgjande tre tema:

- Tema 1: Kompetanseoppbygging for folkevalde/tilsette som skal ivareta eigaroppfølging jf. pkt. 3.3 i Eigarmeldinga.
- Tema 2: I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til eigarskapen?

- Tema 3: I kva grad vert fylkeskommunen sin eigarstrategi formulert/kommunisert mellom selskapet og fylkeskommunen?

Intervjua vert omtalt under kvart kap. i rapporten. Intervjua gir ikkje svar som vi kan trekke eintydige konklusjonar av, men gir oss eit inntrykk av korleis eigarutøvinga vert praktisert og korleis eigarrepresentantane ser på den einskilde problemstilling i forhold til deira rolle som eigarrepresentant.

3.2 Rutinar og retningslinjer

Problemstilling 1: I kva grad har fylkeskommunen etablert ein overordna eigarstyring som er i samsvar med lover, reglar og fylkestinget sine forventningar?

- Fører fylkeskommunen kontroll med sine eigarinteresser på ein lovmessig måte?
 - Har fylkeskommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser, og er desse rutinane i samsvar med aksjeloven og andre relevante lover?
 - I kva grad vert etablerte rutinar etterlevd?
- Har fylkeskommunen ein plan for kompetanseoppbygging for folkevalde/tilsette som skal ivareta eigaroppfølging?

Fylkeskommunen sitt viktigaste dokument i samband med den overordna eigarstyringa er den årlege Eigarmeldinga som vert handsama og vedteken av fylkestinget kvar haust. I samband med fylkestinget si årlege handsaming av Eigarmeldinga gjer fylkestinget samstundes ei årleg evaluering av eigarskapen i det einskilde selskap.

Eigarmeldinga viser fylkeskommunen sine mål og strategiar for den fylkeskommunale eigarskapen.

Eigarmeldinga skal sitat (s. 4 avsnitt 2 i Eigarmelding):

- Legge grunnlaget for å gjere den politiske styringa i eigarsaker tydelegare
- Medverke til at selskapa kjenner posisjonen og haldningane fylkeskommunen har som eigar
- Legge grunnlaget for å utvikle konkrete eigarstrategiar og formål for kvar enkelt selskap
- Bidra til at styresamansettning har kompetanse ut frå dei utfordringar selskapa står ovanfor.
- Stille konkrete krav til styra og etablere rutinar for å evaluere styret sitt arbeid.

Eigarmeldinga er delt i 2 hovuddeler. Del I omhandlar fylkeskommunen sin eigarpolitikk og del II omhandlar selskapa som fylkeskommunen eig eller er medeigar i eller har tilknyting til på anna måte (t.d. stiftingar). Del 1 er inndelt i hovudpunktta:

1. Fylkeskommunal eigarpolitikk,
2. Retningslinjer for fylkeskommunal eigarutøving
3. Rutinar for fylkeskommunal eigarutøving.

Vi har her teke med nokre av fylkeskommunen sine etablerte retningsliner/rutinar jf. Eigarmelding 2016:

Punkt 2.6.2 om Eigardialogen (Punkt 2. Råmer for oppfølging av eigarskapen: reglar og fylkeskommunale retningslinjer)

- Eigarutøving skal skje på generalforsamling/representantskapsmøte
- Fylkeskommunen bruker kvartalsresultat og årsmelding, annen offentleg tilgjengeleg informasjon, generalforsamling og eigardialogen for å få relevant informasjon om selskapet. Fylkeskommunen kan utover dette, og innanfor selskapslovgjevinga ha møte/kontakt med selskapet si leiing og styre som ein del av eigaroppfølginga. Tema kan vere samfunnsansvar, forventa utbytte, konkrete krav om tiltak for å betre lønnsemd, sosiale høve, kompetanse, konkurransen, kapitalbehov og selskapet sine eigne moglegheiter for å hente kapital m.m.
- Eigar må vidare kunne følgje opp om leiinga i selskapet handlar i tråd med deira interesser. Eigar kan krevje at selskapet rapporterer på dei høve som er blitt teke opp med selskapet og korleis selskapet styrast.
- Det kan vere hensiktsmessig at eigar går i dialog med styret med det formål å formulere eit tydeleg eigarmål for eigarskapen i selskapet
- Eigardialogen må tilpassast kvart selskapet, slik at den er mest mogleg relevant ut frå selskapet sin eigenart, risiko og verksemder

Fylkeskommunen utøver eit aktivt eigarskap. Hovuddokumentet er Eigarmeldinga der fylkeskommunen formidlar klare forventningar/krav til selskapa på eit overordna nivå. Det er etablert gode retningslinjer og rutinar for eigarutøving gjennom møta i generalforsamling/-representantskapsmøta og i eigardialogane med selskap der det er behov for det. I samsvar med Eigarmeldinga vert fylkesutvalet/fylkestinget årleg orientert om selskapa sine. Fylkesutvalet får orientering om dei minste selskapa kvar haust vanlegvis gjennom sin utsendte representant i generalforsamling/representantskap. Fjord1 AS¹ og SFE AS, som er fylkeskommunen sine to største selskap, orienterer direkte til fylkestinget i junitinget kvart år.

Vi har teke opp spørsmål med administrasjonen og dei intervjuia eigarrepresentantane om fylkeskommunen har andre interne regelverk eller dokument knytt til eigarstyring utover Eigarmeldinga. Dei kjenner ikkje til andre sentrale styringsdokument utover malen for den årlege rapporten som eigarrepresentantane skal levert skriftleg til fylkesrådmannen etter møta i generalforsamling/representantskap (er lagt ved som vedlegg nr 2)

Om kompetanseoppbygging:

Punkt 3.3 i Eigarmeldinga har overskrifta «Opplæring av folkevalde som skal utøva eigarskap». Punktet er inndelt i overskriftene Plan, Innhold og Opplæring av styremedlemmar. Ifølge planen skal dei folkevalde få opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging med meir. Meir utfyllande opplysingar om kva opplæringa skal innehalde finn vi i Eigarmeldinga. Opplæringa skal skje seinast innan 6 månader etter fylkestingsvalet. Etter 2 år skal det haldast eit Oppfriskingsseminar. Vi tok i intervjuia opp spørsmål om korleis eigarrepresentantane har opplevd opplæringa/kompetanseoppbygginga. Alle fire har fått tilbod om kurs i samband med ein politikardag våren 2016. To av dei spurte ser behov for ein tettare oppfølging av opplæringa og to meiner at det er tilstrekkeleg med ein gong pr. peirode.

«Kunne ønskt oss noko meir, som ikkje var så generelt. Ved å samle så mange til opplæring, blir det veldig generelt på politikardagen.»

¹ Då fylkeskommunen har sett seg ut av Fjord1 AS vil denne rutina berre gjelde SFE AS frå 2017 med vising til pkt. 7 i saksframstilling til Eigarmelding 2017 handsama i FT 17.10.2017

«Greitt med den vi har fått, men skulle gjerne fått meir. Stort ansvar å representerere Fylkeskommunen i generalforsamling i selskapet. Mykje ein skal passe på. Skulle gjerne hatt meir opplæring.»

«Nei, eg meiner det er tilstrekkeleg med ein gong i perioden. Nye politikarar treng informasjonen, og for dei som har vore med på dette tidlegare er det ok å friske opp litt av opplæringa. Om det er noko eg lurer på tek eg kontakt med anten fylkesordførar eller administrasjon. Er ikkje redd for å spørje om hjelp om eg treng det.»

To av eigarrepresentantane (ein har sin første periode i fylkestinget) har svart at dei kan tenke seg meir opplæring, mens dei med lengre fartstid ikkje ser behov for meir enn den innleiande opplæringa. Fylkeskommunen hadde lagt opp til ein oppfølging av opplæringa på politikardagen no i haust, men var nøydt å utsetje det pga. sjukdom.

Konklusjon:

Fylkeskommunen har etablert ei overordna eigarstyring som er i samsvar med lover og reglar. Det sentrale dokument som fylkeskommune har utvikla over ein periode på om lag 10 år er Eigarmeldinga som vert handsama kvart år i fylkestinget

Det er viktig å ta med at samhandlinga mellom kommunestyre/fylkesting og oppnemnd eigarorgan innan for selskapsklovgiving **ikkje er lovregulert**. Det er til dels særstak skilnad på dialogform mellom eigarorgan og kommunestyre/fylkesting rundt om i Noreg. Til dømes aksjeloven regulerer ikkje eigarrolla og eigarstyring, men føresett at all form for aksjonærutøving skjer gjennom styret og generalforsamlinga – **aksjonærane sine rettar er bundet opp mot retten til å stemme på generalforsamlinga**.

KS har utarbeida 21 anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiring og kontroll. Fylkeskommunen er gjennom sin Eigarmelding innom dei fleste. Vi har sett spesielt på:

- Nr 1 om Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte
- Nr 4 om Utarbeidelse av eierskapsmeldinger
- Nr 5 om Utarbeidelse og revidering av styringsdokumenter
- Nr 6 om Eiermøter
- Nr 7 om Eierorganets sammensetning og funksjon
- Nr 8 om Gjennomføring av generalforsamlinger og representantskapsmøter

Fylkeskommunen sin Eigarmelding dekker alle KS sine anbefalingar jf. over.

Når det gjeld Nr 1 om Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte har fylkeskommunen etablert plan for opplæring av dei folkevalde om eigaroppfølging m.m. For denne valperiode har dei folkevalde hatt kurs om utøving av eigarskap våren 2016, og det er lagt opp til eit oppfølgingskurs.

Når det gjeld nr 4 som omhandlar Utarbeidelse av eigarskapsmelding seier den m.a. at Eigarmeldinga som eit minimum bør ha disse hovudpunktta, sitat:

1. *Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.*
2. *Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring.*
3. *Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformer*
4. *Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene*
5. *Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.*

Fylkeskommunen si Eigarmelding inneholder alle dei 5 punkta i KS sine anbefaling nr 4.

Fylkeskommunen sine etablerte rutiner og retningslinjer vert etterlevd/fulgt opp ved m.a.:

1. Årleg gjennomgang og evaluering av etablerte retningslinjer og rutinar samt selskapa fylkeskommunen er eigar/medeigar i gjennom den årlege handsaming av Eigarmeldinga.
2. Eigarrepresentanten har fått sine pliktar, fullmakter og rammevilkår til utøving av sine oppgåver og kontrollar på vegne av fylkeskommunen som eigar.
3. Eigarrepresentantane gjennomfører sine oppgåver i samsvar med fylkeskommunen sine rutinar og retningslinjer (kjem fram av Eigarmeldinga) Dette vert i tillegg omtalt nærmare under kap. 3.4 om Utøving av eigarskap.

3.3 Eigarstrategi

Problemstilling 2: I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til eigarskapen?

- Har fylkeskommunen etablert tydelege føringar for eigarskapen?
- I kva grad er styringssignalene klart formulert?
- I kva grad vert eigarstrategien følgt opp i forhold til fylkeskommunen sine interne regelverk?
- I kva grad har fylkeskommunen ein plan for utarbeiding og revidering av styringsdokument for det enkelte selskap?

Ein kommune/fylkeskommune bør ha ei open og klart uttrykt eigarstrategi for sitt eigarskap i dei ulike selskapa. (KS sin anbefaling nr 5)

I følgje Eigarmeldinga punkt 1.2 skal fylkeskommunen sitt formål med eigarskap i verksemder oppfylle eit eller fleire av følgjande krav, sitat: (s. 5 i Eigarmeldinga)

1. *Finansielle mål:*
 - *Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet, som til dømes Sogn og Fjordane Energi AS*
2. *Næringsutvikling:*
 - *Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, som til dømes Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS.*
 - *Delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap, som til dømes Fjord Invest AS.*
 - *Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.*
3. *Fylkeskommunal-/kommunal fellestiltak*
 - *Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stor driftsfordeler i tenesteproduksjonen, som til dømes Kommunekraft AS.*
 - *Delta i selskap som har stort innslag av ansvar for å tilrettelegging for særlege grupper.*
4. *Fylkesomfattande kulturselskap*
 - *Delta i selskap saman med til dømas kommunar for å sikre drift av fylkesomfattande kulturinstitusjonar, som til dømes Sogn og Fjordane Teater LL.*

Punkt 1.7.1 i Eigarmeldinga er retningsgivande for fylkeskommune sine eigarstrategiar i det einskilde selskap og seier m.a.:

- Eigarstrategien må vere i samsvar med verksemda sitt formål.
- Omfanget av ein eigarstrategi er avhengig av mellom anna selskapet si verksemd, behovet for eigarstyring, marknadsmessige høve og konkuranseregelverket.
- Ein eigarstrategi og selskapsstrategi for eit selskap vil tene som grunnlag for ein etterfølgjande selskapskontroll.
- Utbyttepolitikk er ein del av eigarpolitikken fylkestinget har ovanfor nokre aksjeselskap. Eigar har ansvaret for forsvarleg kapital i selskapet og det må påverke utbyttepolitikken til fylkeskommunen. Det er viktig at eigar vurderer om selskapet sitt formål vil kunne realiseraast dersom ein tek ut utbytte frå selskapet.

Alle dei fire selskapa som vi har sett nærmere på tilfredsstiller fylkeskommunen sine krav jf. dei overordna måla med eigarskapen. SFE er eit selskap som driver produksjon og sal av elektrisk energi som skal drives på forretningsmessig basis og hører inn under målgruppe 1- Finansielle mål. Selskapa Trivselshagen IKS og Origod AS hører inn under målgruppe 3 «Fellestiltak». Origod AS er ei attføringsbedrift som arbeider med å legge til rette for arbeidsledige med spesielle behov. Fylkeskommunen er medeigar i totalt fire attføringssselskap i fylket vårt. Trivselshagen IKS er eit fellestiltak mellom fylkeskommunen og Gloppe kommune som skal dekke behov for areal for dei to eigarane. Sogn og Fjordane Teater LL høyre til målgruppe 4 «Fylkesomfattande kulturselskap».

Som eit døme har vi teke med Trivselshagen IKS sitt formål og fylkeskommunen sin eigarstrategi i selskapet:

Selskapet sitt formål er sitat: (s. 27 i Eigarmelding)

«Selskapet sitt føremål er å planlegge, bygge, eige og drive bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule, og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppe kultursal, symjehall, idrettshall med vidare i samsvar med vedteken funksjonsplan.»

Fylkeskommunen sin eigarstrategi sitat: (s. 28 i Eigarmelding)

«Fylkeskommunale-/kommunale felles tiltak: Målet er at fylkeskommunen skal få dekka behovet for areal for Firda vidaregåande skule.»

Fylkeskommunen sin eigarstrategi er i samsvar med første del av selskapets formål; skaffe areal til Firda vidaregåande skule. Vi kan ikkje sjå at fylkeskommunen sin eigarstrategi i dei tre andre selskapa vi har sett på er i strid med selskapa sine formål.

Intervju av eigarrepresentantane:

Vi stilte spørsmål om dei fire eigarrepresentantane meiner at fylkeskommunen har etablert tydlege føringar for eigarskapen i selskapet som dei er valt som eigarrepresentant for, og om dei meiner styringssignal frå fylkeskommunen til dei som eigarrepresentantar er klart formulert. Svara frå alle fire var eintydig positiv på begge spørsmåla. Dei synte til Eigarmeldinga, som dei ser på som eit godt styringsdokument. To svarte slik sitat:

«Ja, det går fram av Eigarmeldinga og andre vedtak i Fylkestinget/Fylkesutvalet. Regionreforma har ført til eit vedtak frå Fylkestinget i desember 2016 der fylkesrådmann fekk i oppdrag å gjennomføre eit arbeid for å sikre at verdiane av kraftselskapa vart verande i fylket. Dette vert følgt opp.»

«Ja, meiner det er godt formulert styringssignal gjennom Eigarmeldinga.»

Ingen av dei spurte kjenner til andre skriftlege strategiar, retningslinjer eller instruks frå fylkesutval/fylkesting enn dei som kjem fram av Eigarmeldinga. Ved spørsmål om dei har motteke andre styringssignal frå fylkesutval/fylkesting enn det som kjem fram av Eigarmeldinga svarte to ja og to nei. Ein av dei spurte hadde sjølv bedt om det i samband med styreval, og den andre svarte slik:

«Ja, fylkesutvalet gjev styringssignal i prosessen mellom SFE, BKK og Hydro. Dette har etter nemnde FT i desember 2016 skjedd løpende. Som lekk i dette er aksjane våre i SFE AS ført over til SF Holding AS. Vidare gjorde FT i juni 2017 vedtak om å ta del i den emisjonen som SFE AS nyleg har invitert til. Og dette har vi i etterkant følgd opp på GF i SFE AS (26.06.17).»

Konklusjon:

Fylkeskommunen sin Eigarpolitikk (oppfølging av eigarstrategiane) kjem fram av punkt 1 i Eigarmeldinga som er inndelt i følgjande underpunkt:

- 1.1 Historikk- Bakgrunn og føremål bak fylkeskommunen sin eigarskap
- 1.2 Fylkeskommunalt eigarskap i dag
- 1.3 Kriterium for å gå inn - og å bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar
- 1.4 Val av selskapsform
- 1.5 Exit strategi
- 1.6 Vurderingar ved avvikling av engasjement
- 1.7 Styringsgrep – eigarstrategi og selskapsstrategi
- 1.8 Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav
- 1.9 Eigarutøving for meldingsåret og etterfølgjande år
 - 1.9.1 Generell politikkendring
 - 1.9.2 Enkeltsaker

Det er utarbeida klare formål og rammer for fylkeskommunen sine eigarstrategiar i selskapa dei eig eller er medeigar i. Selskapa vi har sett nærmere på hører inn under formålsgruppe 1, 3 og 5. Fylkeskommunen sine eigarstrategiar i dei 4 selskapa vi har sett nærmere på er klart innanfor selskapa sine hovudformål. Eigarrepresentantane svarte at fylkeskommunen har etablert tydeleg føringar for eigarskapen med klart formulert styringssignal.

Fylkestinget evaluerer sitt eigarskap i selskapa sine i kvart år i samband med handsaming av Eigarmeldinga. Styringsdokumenta for alle selskapa er ein del av Eigarmeldinga under del II. I tillegg har fylkeskommunen teke med alle politiske vedtak som er gjort knytt til eigarskapen av selskapa i løpet av det siste året under punkt 1.9.2 i Eigarmeldinga.

Fylkeskommunen sin eigarstrategi vert følt opp årleg gjennom handsaming av Eigarmeldinga både generelt og spesielt for kvart einskild selskap. I tillegg følger den som er vald til å utøve eigarskap på vegne av fylkeskommunen opp at selskapet handlar i samsvar med aktuelle selskapsavtalar, vedtekter og innanfor selskapets formål og fylkeskommunen sine eigarstrategiar.

Ei nærmere gjennomgang av korleis eigarstrategien vert følt opp kjem fram av kap. 3.4 om Utøving av eigarskap.

3.4 Utøving av eigarskap

Problemstilling 3: Vert eigarinteressene til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleining?

- I kva grad vert politisk leiing korrekt og tilstrekkeleg informert om fylkeskommunen sin eigarskap?

Fylkeskommunen sine regler og retningslinjer for oppfølging av eigarskap er omtalt under punkt 2 i Eigarmeldinga, og rutinane for fylkeskommunal eigaroppfølging høyrer inn under punkt 3 i Eigarmeldinga. Formålet med rutinane er å etablere ein god informasjonsflyt og kontakt mellom partane. Partane er fylkesting/fylkesutval som eigar og eigarorganer er generalforsamlinga-/representantskapet i selskapa.

Rutinane for fylkeskommunen/fylkestinget/fylkesutvalet si utøving av eigarstyring, og eigarrepresentantane sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen er omtalt under punkta 3.4, 3.5 og 3.7 i Eigarmeldinga. Der står det m.a. :

- Fylkeskommunen sin eigarskap vert utøvd gjennom den valde representanten i det operative eigarorganet.
- Fylkesutvalet drøfter regelmessig eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa.
- Fylkesutvalet drøfter eigarskapen med fylkeskommune sine eigarrepresentantar.
- God eigarskapsstyring er mellom anna å gje klåre signal til eigarrepresentantane om fylkestinget sitt mål og strategi med eigarskapen i det enkelte selskap.
- Eigarrepresentanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet og må difor reflektere fleirtalet i fylkesutvalet. Det er difor viktig med dialog mellom fylkesutvalet og eigarrepresentantane i forkant av møta i generalforsamling-/representantskap for aktivt å kunne utøve eigarstyring.
- Eigarrepresentanten har høve til melde inn saker til fylkesutvalet til drøfting for å ta i mot styringssignal.
- Eigarrepresentanten har ein rapporteringsplikt til fylkesutvalet etter dei ordinære møta i generalforsamling og representantskap.
- Eigarrepresentanten er pliktig å be om eigarinstruks frå fylkesutvalet i forkant av møta der det er naturleg.
- Eigarrepresentantane drøftar saker/eigarpolitikken i høve kvart enkelt selskap med fylkestinget eller fylkesutvalet ved behov. Alle eigarrepresentantar har høve til å møte fylkesutvalet for å drøfte spesielle saker som omhandlar eigarskapen i selskapet. Gjeld det utpeiking av styrerepresentantar skal saka løftast til det hovudutvalet selskapet naturleg høyrer inn under.
- I etterkant av ordinær generalforsamling/representantskapsmøte utarbeidar eigarrepresentanten ein skriftleg rapport til administrasjonen. Rapporteringsfrist er 31.juli. Ein mal for denne rapporteringa er utarbeidd og er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider.
- Kvart år vert oppdatert eigarmelding lagt fram for fylkestinget i oktober. Her skal tinget ta stilling til om fylkeskommunen skal vidareføre eigarskapen i det einskilde selskap og ta stilling til om det er særskilde forventingar til dei einskilde selskap framover

Vi har gjort ei undersøking/vurdering av korleis rutinane knytt til kommunikasjon og rapportering ved utøving av eigarskapen vert praktisert ved intervju av fylkeskommunen sin eigarrepresentant i dei 4 selskapa.

Kort oppsummering av intervjuet:

Alle dei intervjuet vidareførar og følgjar opp fylkeskommunen sine styringssignal til selskapa gjennom generalforsamlingsmøte, representantskapsmøte eller eigarmøta. Med unntak av to tilfelle har alle stilt på generalforsamlings- og representantskapsmøte i 2016 og 2017. I 2017 hadde to ikkje høve til å stille, og personar med fullmakt stilte på vegne av fylkeskommunen.

Ingen av dei spurte har opplevd det som utfordrande å reflektere fleirtalet i fylkestinget i møta med eigarorgana. Signala dei har fått i dei ordinære møta i generalforsamlings-/representantskapsmøta har vore rapportert til administrasjonen i fylkeskommunen ved utfylling av skjema (sjå vedlegg nr. 2). Med utgangspunkt i motteke rapport med alle naudsynte vedlegg vert opplysningsane nytta ved utarbeidning av Eigarmeldinga, del II. Ein av dei intervjuet har ikkje rapportert i 2017, og fylkeskommunen har innført rutine slik at fylkesordførar av praktiske grunner ikkje er pliktig å rapportere skriftleg.

«Det blir rapportert til fylkestinget i eigarmeldinga som er til handsaming ein gong i året. SFE møter i Fylkestinget i juni (sjå svar over) og orienterer om selskapet i samband med at årsmelding og rekneskap vert avgjort. Vi har hatt eit tett og godt samarbeid, også fortøande i fylkesutvalet. Som eigarrepresentant rapporterer eg til eigarmeldinga, etter møte i generalforsamlinga. Styret har ansvaret for å styre selskapet. Vi har godt samarbeid og tett kontakt i relevante saker med styreleiar og styreleiar/direktøren og godt kjende med prosessen overfor BKK og Hydro.»

Tre av dei spurte har ikkje sett behov for å rapportere inn spesielle saker til fylkesutvalet utover den ordinære årsrapporten.

«Rapport, ingen andre. Rapporten er eit fast skjema som vert utfylt og sendt til fylkeskommunen etter fastsatt frist.»

Ein har rapportert inn behov for kapitaltilførsel i selskapet.

«..... Eg meiner vi i nyare tid har hatt to eigarmøte med SFE (om behov for kapitaltilførsel og situasjonen knytt til regionreforma). Desse vart haldne i mars-17 og i juni-17. I tillegg må eg sjølv sagt nemne at på dei årlege FT i juni stiller SFE-leinga. Her gjev dei oss informasjon og vi melder tilbake det som måtte vere av innspel frå vår side.»

Ved spørsmål om eigarrepresentantane har bedt om å få spesiell eigarinstruks frå fylkesutvalet i forkant av møta i selskapet svarte tre at dei ikkje har hatt behov for det. Ein svarte at han/ho i eit tilfelle har bedt om tilbakemelding ved val av styrerepresentant.

To av dei intervjuet opplever kommunikasjonen mellom eigarrepresentant og fylkeskommunen som god. To har svart at det ikkje er så mykje kommunikasjon mellom partane.

«Eg meiner kommunikasjonen mellom meg og fylkeskommunen fungerer greitt. Einaste eg har slurva litt med er rapporteringsskjemaet. Det med bakgrunn i at det ikkje har vore så mykje meir å melde enn det som står i årsmelding/rekneskap.»

«Det er ikkje den store kommunikasjonen. Får svar dersom eg spør.»

Drøftingane i fylkesutval/fylkesting om formålet med eigarskapen, forventingar til selskapet og fortsatt eigarskap skjer i følgje dei intervjuia ein gong i året i samband med handsaminga av Eigarmeldinga.

Drøfting/konklusjon

Fylkeskommunen har gode og utfyllande rutinar og retningslinjer for utøving av eigarskapen med moglegheiter for ein tett og god dialog/kommunikasjon mellom partane jf. punkta 3.4 – 3.7 i Eigarmeldinga.

Det er fylkestinget som utøver eigarrolla i fylkeskommunen sine selskap. Fylkeskommunen sitt eigarskap i selskapa vert utøvd gjennom eigarrepresentanten i det operative eigarorganet; representantskapet eller generalforsamlinga. Eigarrepresentanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet, og må difor reflektere fleirtalet i fylkestinget. Det er av den grunn viktig med dialog mellom fylkestinget og representanten i generalforsamlinga-representantskapet for aktivt å kunne utøve eigarstyring.

Intervjua viser at kommunikasjonen mellom eigaren (fylkesting/fylkesutval) og eigarrepresentanten skjer ved at eigarrepresentanten stiller på dei ordinære møta i generalforsamlinga/representantskapet og utøvar eigarskap på vegne av fylkeskommunen innanfor gitte rammer og fullmakter. Dei rapporterer tilbake til eigaren skriftleg. Rapporten er grunnlaget for utarbeiding av del II i Eigarmeldinga.

Signala vi har fått frå dei intervjuia tyder på at det har vore lite behov for dialog mellom partane utover dei formelle rapporteringslinjene med unntak av det største selskapet; SFE. Moglegheitene for kommunikasjon/dialog mellom eigarrepresentantane og fylkesting/fylkesutval som er innarbeid i rutinane vert i liten grad nytta. Eigarrepresentantane melder ikkje inn saker til fylkesutvalet for å ta i mot styringssignal eller ber om eigarinstruks i forkant av møta.

Ein må kunne forvente at det vil vere eit mykje større behov for eigarstyring og oppfølging i eit selskap av ein slik storleik som SFE slik det kjem fram av intervjuia. SFE er eit finansselskap som forvaltar store verdiar på vegne av fylkeskommunen og dei andre eigarane. Behovet for eigaroppfølging av ein attføringsbedrift som Origod AS er ikkje like stort. Dialogen mellom selskapet og fylkeskommunen i eit selskap som Sogn og Fjordane Teater LL går i følgje intervjuet mykje via leiar i utvalet for næring og kultur. Det er ikkje utan grunn at eigarrepresentant i selskapet Sogn og Fjordane Teater LL er den same som er leiar i utvalet.

Fylkesutvalet/Fylkestinget drøfter eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa, særleg om den er i samsvar med formålet med eigarskapen i selskapet, kva forventingar ein har til selskapet og om fortsatt eigarskap er hensiktsmessig, ein gong i året i samband med handsaminga av Eigarmeldinga. I tillegg vert enkeltsaker for selskapa handsama gjennom året etter behov.

4 Fråsegn

4.1 Sogn og Fjordane fylkeskommune

Det er motteke høyringsfråsegn til rapporten frå fylkesrådmann 01.11.2017. Dokumentet er lagt ved som vedlegg nr 3 til rapporten.

5 Oppsummering og konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune har kome langt i prosessen med å få på plass gode interne reglar og retningslinar knytt til eigarstyring. Det sentrale dokumentet som fylkeskommunen har utvikla over ein periode på om lag 10 år er Eigarmeldinga som vert handsama kvart år i fylkestinget. Fylkeskommunen si årlege Eigarmelding er eit funksjonelt og godt styringsdokument i stadig utvikling, og er eit godt døme på korleis ein god årleg eigarmelding kan sjå ut.

Fylkeskommunen har etablert ei overordna eigarstyring i samsvar med lover og reglar. Våre undersøkingar har ikkje avdekkja vesentlege avvik mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune sine retningslinjer og rutinar knytt til eigarstyring og KS sine Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll.

Fylkeskommunen har fått på plass gode rutinar for kompetanseoppbygging av dei folkevalde slik at dei kan utøve ein god eigarstyring og eigaroppfølging.

Det er utarbeida klare formål og rammer for fylkeskommunen sine eigarstrategiar i selskapa dei eig eller er medeigar i. Fylkestinget evaluerer årleg fylkeskommunen sin eigarstrategi både generelt og for kvart selskap gjennom handsaminga av Eigarmeldinga.

Våre undersøkingar tyder på at fylkesutval og fylkesting får den informasjon dei har behov for om fylkeskommunen sin eigarskap. Det er ingenting som tyder på at den informasjon dei får ikkje er korrekt.

Vi vil avslutningsvis ta med at fylkestinget kvart år m.a. må ta stilling til om:

- Eigarmeldinga som styringsdokument inneholder dei opplysningane som fylkestinget treng for å utøve eit aktivt og godt eigarskap
- Eigarmeldinga inneholder dei retningslinjer og rutinar som er nødvendig for at dei skal kunne utøve ein god eigarstyring.
- Fylkestinget som eigar har behov for utarbeiding av meir utfyllande, skriftlege strategiar/retningslinjer/instruksar for enkelte selskap.
- Fylkestinget har behov for at det vert utarbeida skriftlege risikoprofilar som grunnlag for viktige avgjerd dei som eigarar må ta for enkelte selskap.

Vedlegg nr 1

**Notat – Oversikt over formål og eigarstrategi
med selskapa SFE AS, Origod AS , Trivselhagen
IKS og Sogn og Fjordane Teater LL**

Notat- Oversikt over formål og eigarstrategi med selskapa SFE AS, Origod AS, Trivselshagen IKS og Sogn og Fjordane Teater LL

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE):

Selskapet er eit aksjeselskap og høyrer inn under fylkeskommunen sin målgruppe 1 «Finansielle mål».

Jenny Følling er vald til å representere fylkeskommunen som eigar av SFE.

Selskapets føremål er: (sitat side 40 i Eigarmelding)

«...produksjon, omsetting og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette.

Verksemda kan også drivast i samarbeid med, eller ved deltaking i, andre selskap med tilsvarende formål.

Selskapets kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudformålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.

Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane.»

Fylkeskommunen sin eigarstrategi er sitat: (s. 44 i Eigarmeldinga)

«Finansielle mål: SFE vart etablert som ei følgje av at SFE tidlegare var ein del av den fylkeskommunale forvaltinga og ein ønskte å skilje dette ut frå den fylkeskommunale verksemda.

Eit viktig mål for fylkeskommunen er var å bidra til å utvikle SFE som ein konkurransedyktig og lønnsam aktør i den nasjonale/internasjonale energibransjen. Basert på dette skal selskapet gje fylkeskommunen god avkastning på investert kapital kvart år gjennom utbytte.

Fylkeskommunen som eigar må sørge for at styret i selskapet til ei kvar tid har nødvendig kompetanse til å utvikle selskapet som ein lønnsam og sterkt aktør i bransjen.

Mål om å sikre næringsutvikling: Selskapet er eit viktig instrument for auka satsing innan fornybar energi i fylket. Fylket har eit stort potensiale her og SFE spelar ei viktig rolle med å bygge opp nødvendig kapasitet i nettet for ei slik satsing. SFE sin kompetanse er viktig for å realisere fylket sitt potensiale på dette området.»

Origod AS

Origod er eit aksjeselskap som høyrer inn under fylkeskommunen sin målgruppe 3 «Fellestiltak; Delta i selskap som har stort innslag av ansvar for å tilrettelegging for særlege grupper.»

Karianne Torvanger er vald til å representere fylkeskommunen som medeigar i Origod AS.

Selskapets formål er sitat: (s. 71 i Eigarmelding)

«Selskapet har som føremål å drive industri og handelsvirksomhet for å sysselsette yrkesvalghemmede. Verksemda er ei attføringsbedrift, og NAV er verksemda sin største og

viktiгaste kunde. Selskapet og NAV sin jobb er å sjå moglegheiter og utløyse ressursar hjå dei mange som står i fare for å miste fotfeste i arbeidslivet, eller aldri har hatt plass i arbeidslivet. Dette vert gjort i kombinasjon med produksjon av varer og tenester.»

Fylkeskommunen sin eigarstrategi sitat: (s.73 i Eigarmelding)
«Som aksjeeigar å støtte opp om selskapet si verksemد.»

«Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift. Samfunnsmessige omsyn er årsak til at fylkeskommunen held frem som eigar.»

Sogn og Fjordane Teater LL

Selskapet er eit aksjeselskap som hører inn under fylkeskommunen sin målgruppe 5 «Fylkesomfattande kulturselskap; Delta i selskap saman med til dømas kommunar for å sikre drift av fylkesomfattande kulturinstitusjonar, som til dømes Sogn og Fjordane Teater LL.

Karen Marie Hjelmeseter er vald til å representera fylkeskommunen som medeigar i Sogn og Fjordane Teater AS.

Selskapet sitt føremål er sitat: (s.67 i Eigarmeldinga)

«Føremålet med selskapet er å drive teaterverksemд i Sogn og Fjordane fylket. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.

Teateret skal nytte nynorsk målform eller nynorsk målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtilbod. Det skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.»

Fylkeskommunen sin eigarstrategi sitat: (s. 69 i Eigarmelding)

«Fylkesomfattande kulturselskap. Investeringa i Sogn og Fjordane er kulturelt motivert. Denne investeringa er forankra i fylkeskommunen si fylkesomfattande kultursatsing.»

Trivselhagen IKS

Selskapet er eit interkommunalt selskap som hører inn under fylkeskommunen sin målgruppe 3 «Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak.»

Ole Johnny Stubhaug er vald til å representera fylkeskommunen som medeigar i Trivselshagen AS.

Selskapet sitt føremål er sitat: (s. 27 i Eigarmelding)

«Selskapet sitt føremål er å planleggje, byggje, eige og drive bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule, og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppe kultursal, symjehall, idrettshall med vidare i samsvar med vedteken funksjonsplan.»

Fylkeskommunen sin eigarstrategi sitat: (s. 28 i Eigarmelding)

«Fylkeskommunale-/kommunale felles tiltak: Målet er at fylkeskommunen skal få dekka behovet for areal for Firda vidaregåande skule.»

Vedlegg nr 2

MAL- Rapport frå eigarrepresentant



Rapport frå eigarrepresentant

Alle fylkeskommunale eigarrepresentantar skal levere ein skriftleg rapport frå generalforsamlinga/representantskapsmøtet. Rapporten skal sendast til fylkesrådmannen, og vil bli nytta ved utarbeidning av eigarmeldinga i 2017.

Rapporteringsfrist er sett til 31. juli 2017.

1. Namn på selskapet	
2. Kven møtte på generalforsamling/representantskapsmøte på vegne av fylkeskommunen:	
3. Oppgje dersom følgjande har skjedd i selskapet i inneverande rekneskapsperiode: a) val av nye styremedlemmer b) val av ny fylkeskommunal eigarutsending c) vedtektenere er endra d) selskapet sitt føremål er endra e) revisor har gjeve revisjonsmelding med avvik f) kapitalutviding g) kapitalnedsetting h) konkurs/styrt avvikling i) andre relevante hendingar for eigarskapen til fylkeskommunen	
4. Dersom aktuelt: oppgje relevante hendingar for eigarskapen til fylkeskommunen som er planlagt for neste rekneskapsperiode:	
5. Følgjande skal leggast ved rapporten: a) Innkalling til generalforsamling m/saksliste og sakspapir b) Protokoll frå generalforsamling dersom det er motteke før rapporteringsfristen	

Dato/stad:

Namn på den som har skrive rapporten



Vedlegg nr 3

Høyringsfråsegn frå fylkesrådmann



Sogn og Fjordane Revisjon IKS
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Fylkesrådmannen
Sakshandsamar
Trude Helen Flåten
E-post: Trude.Helen.Flåten@sfj.no
Tlf.: 41530613
Vår ref.
Sak nr.: 17/7568-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
Internett l.nr.
41225/17
Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 01.11.2017

Midlertidig sperra
Offl. § 5

Høyringsfråsegn til utkast til rapport for gjennomført selskapskontroll av Sogn og Fjordane fylkeskommune

Eg viser til utkast til rapport for gjennomført selskapskontroll av Sogn og Fjordane fylkeskommune, motteke 20. oktober.

I dette brevet følgjer fylkesrådmannen sin høyringsuttale til rapporten.

1. Merknadar til punkt 3 om elgarstyring

Som det går fram av **punkt 3.2. Rutinar og retningslinjer** var det planlagt eit oppfriskingsseminar om elgarrolla og rutinar for elgaroppfølging på politikardagen 25. september 2017. Denne opplæringa måtte dessverre utsetjast grunna sjukdom. I møte 16.10.17 avgjorde fylkesutvalet at oppfriskingsseminaret vert utsett til 2018, jf. protokollen frå møtet. Fylkesrådmannen har lagt opp til at opplæringa vert gjennomført på den første politikardagen i mai 2018.

Under **punkt 3.4 Utøving av elgarskap** står det at «fylkeskommunen har innført rutine slik at fylkesordførar av praktiske grunnar ikkje er pliktig å rapportere skriftleg». Eg vil kort forklare denne rutinen nærmare. Rapportane tener som grunnlag for elgarmeldinga. For selskap der fylkesordføraren er elgarutsending er praksis at fylkesrådmannen finn naudsynt informasjon til elgarmeldinga i dokument frå selskapa, m.a. generalforsamlingsprotokoll, årsrekneskap og årsmeldingar. Ved behov tar fylkesrådmannen kontakt med fylkesordføraren eller selskapet. Det blir ikkje fylt ut rapportar for desse selskapa i tillegg til elgarmeldinga, då fylkesrådmannen vurderer dette som unødvendig dobbeltarbeid. Informasjonen kjem uansett fram av elgarmeldinga. Arbeidsdelinga er basert på ein avtale mellom fylkesordføraren og fylkesrådmannen.

Vidare står det under **punkt 3.4 Utøving av elgarskap** at dialogen mellom Sogn og Fjordane Teater LL og fylkeskommunen «går i følgje intervjuet mykje via lelar i utvalet for næring og kultur. Det er ikkje utan grunn at elgarrepresentant i selskapet Sogn og Fjordane Teater LL er den same som er lelar i utvalet.» Fylkesrådmannen går ut frå at kontakten og elgarutøvinga skjer på vanleg måte mellom elgarutsendinga til selskapet (som for inneverande periode er lelar i HNK) og fylkesutvalet, i samsvar med punkt 3.4, 3.5 og 3.7 i elgarmeldinga.

2. Kommentar til SF Revisjon si oppsummering og konklusjon

Fylkesrådmannen er samd i SF Revisjon sin konklusjon om at fylkeskommunen har gode og utfyllande rutinar og retningslinjer for utøving av elgarskapen, med moglegheter for ein tett og god dialog mellom partane. Elgarstyringa samsvarar med lover og reglar, samt KS sine anbefalingar for elgarstyring. Fylkeskommunen har dessutan utarbeida klare formål og rammer for fylkeskommunen sine elgarstrategiar i selskapa. Vidare sluttar eg meg til SF Revisjon si vurdering av at fylkeskommunen har fått på plass gode rutinar for kompetanseoppbygging av dei folkevalde, og at fylkesutvalet og fylkestinget får den informasjonen dei har behov for om fylkeskommunen sin elgarskap.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at rapporten gjev grunnlag for endringar av fylkeskommunen sine rutinar eller retningslinjer.

Med hilsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Sogn og Fjordane Revisjon IKS Askedalen 2 6863 LEIKANGER